



BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET

Skjema D (nynorsk) side 1 av 2.

Dette skjemaet er obligatorisk etter forskrift om angreskjema av 27. februar 2001 fastsett av Barne- og likestillingsdepartementet med heimel i lov 21.12.2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett m.v. ved fjernsalg og salg utanfor fast utsalgsstad (angrerettlova) § 10. Skjemaet skal nyttast ved sal utanfor fast utsalgsstad og fjernsal av finansielle tenester.

DU HAR ANGRERETT I 14 DAGAR (EV. 30 DAGAR) UTAN VILKÅR

Etter angrerettloven kan du som hovudregel gå frå avtaler som du har inngått med tenesteytaren uten at de har møtst fysisk (**fjernsal**), for eksempel e-post, telefon, vanleg post, og avtaler som du har inngått med føretaket ved dørsal, messesal, gatesal osv. (**utanfor fast utsalgsstad**). **Du kan nytte angreretten innan 14 dagar frå avtalen er inngått og du har tatt i mot alle opplysningar som angrerettloven krev og på den måten som loven krev.** Ved fjernsal av livsforsikring og individuelle pensjonsavtaler (IPA) er fristen 30 dagar. Sal utanfor fast utsalgsstad av livsforsikring og IPA følgjer hovudregelen om 14 dagars angrerett. Du treng ikkje gi opp grunnen til at du nyttar angreretten.

Du må gi tenesteytaren melding om at du vil nytte angreretten innan fristen. Dette kan du gjere på kva som helst måte. Vi rår til at du nyttar dette skjemaet. Du har overhalde fristen om du har sendt meldinga innan utløpet av fristen (for eksempel postlagt angreskjemaet, sendt den per fax, e-post, via nettbank o.l.). Du bør sørge for at du kan dokumentere dette.

Skal fyllast ut av tenesteytaren:

Namnet til tenesteytaren. _____ Organisasjonsnr _____

Adresse _____

Telefonnummer _____ E-poststadsadresse _____

Fødselsdatoen til kunden _____ Avtalenr./referansenr _____

Kva slags tenester _____

Avtalen blei inngått den (dato) _____ Angreskjemaet blei levert (dato) _____

Skal fyllast ut av forbrukaren og sendast til tenesteytaren. OBS! Skjemaet skal ikkje sendast til Barne- og likestillingsdepartementet. Eg nyttar meg av angreretten.

Angreskjemaet er tatt i mot den _____ (dato)

Namn _____

Adresse _____

Telefonnr. privat _____ jobb _____ mobil _____

E-postadresse _____

Dato _____ Underskrift _____

Er det inngått ei rammeavtale etterfølgd av separate operasjonar eller oppdrag, gjeld angrerettloven berre for den innleiane rammeavtala. Eit eksempel kan vere at du ved fjernsal inngår avtale om nettbank. For nettbankavtalen gjeld opplysnings- og angrerettreglane, men ikkje for dei etterfølgjande betalingsoppdraga.

Utgangspunktet for angrefristen

Fristen skal reknast frå det tidspunktet avtalen er inngått, ved livsforsikringsavtaler frå du har fått melding om at avtalen er inngått. Du må også ha tatt i mot alle opplysningane som angrerettloven krev, og på den måten angrerettloven krev. § 7 a i angrerettloven gir informasjon om (<http://www.lovdata.no/all/hl-20001221-105.html#7a>) kva slags førehandsopplysningar som skal gis ved fjernsal. Opplysningar om loven kan du få hos tenesteytaren, Forbrukarrådet (<http://forbrukerportalen.no/Emner/angrerettloven>) eller du kan lese den på Internett: <http://www.lovdata.no>

Dersom du gjer fleire separate transaksjonar av den same typen med mindre enn eitt års mellomrom, uten at det ligg føre ei innleiande avtale om tenesten, gjeld opplysningsplikta berre for den første transaksjonen.

Nokre finansielle tenester har skattemessige fordelar. Nyttar du angreretten, vil du ikkje kunne krevje slike skattemessige frådrag. F. eks. vil du ved låneavtaler ikkje kunne krevje frådrag for anna enn eventuelle netto betalte renter og etableringsgebyr o.l. Dersom du nyttar angreretten ved f.eks. BSU og IPA, vil du ikkje kunne krevje frådrag for innskotet.

Ved fjernsal skal du ha dei fullstendige avtalevilkåra i rimelig tid på førehand jf. angrerettloven § 9 a. Hvis avtalen blir inngått etter oppfordring frå deg, og det blir nytta ein fjernkommunikasjonsmetode som ikkje gjer det mogleg å gi ut avtalevilkåra og førehandsopplysningar før avtalen blir inngått, skal tenesteytaren oppfylle sine plikter straks etter at avtalen er inngått. Med fjernsal meinest avtaler som blir inngått heilt uten at du og representanten for tenesteytaren møtest ansikt til ansikt, f. eks. avtaler inngått på Internett, ved e-post, telefon, faks, SMS eller ved vanleg post. For at noko skal kunne reknast som fjernsal etter loven må tenesteytaren både ha lagt til rette for, og marknadsført fjernsal som salsmetode.

Førehandsopplysningar og avtalevilkår skal gis skriftleg på papir eller eit anna varig medium som du rår over (som f. eks. e-post som kan skrivast ut eller som automatisk blir lagra på hardisken til forbrukaren). Ved sal utanfor fast utsalsstad krev angrerettloven at tenesteytaren gir deg dei opplysningane som er nemnde i angrerettloven § 7 a bokstav j) og k), på et varig medium du rår over. Med avtaler inngått utanfor fast utsalsstad meinest

f. eks. avtaler inngått på messer, gata osv. Også avtaler inngått i heimen din fell inn under lova, men berre dersom representanten for tenesteytaren kjem dit uten at du uttrykkjeleg har bedt om det eller det blir inngått avtaler utover det du hadde tenkt på då du ba tenesteytaren om å kome heim til deg.

Oppgjer ved bruk av angreretten

Dersom du nyttar deg av angreretten, fell plikta til partane om å oppfylle avtalen bort. Dersom avtalen heilt eller delvis er oppfylt av nokon av partene, skal det skje ei tilbakebetaling.

Angrerett ved fjernsal

Tilbakeføring må du gjere innan 30 dagar etter at du har sendt meldinga om at angreretten vil bli nytta. På same måte må tenesteytaren innan 30 dagar etter at meldinga om bruk av angreretten er motteken betale tilbake vederlaget du har betalt for sjølve tenesten. **Tenesteytarens etableringsgebyr/ depotgebyr o.l. vil du derimot ikkje ha krav på å få tilbake.** Det same gjeld beløp som du har betalt gjennom tenesteytaren, men til andre, for eksempel til takstmann, tinglysningsgebyr og liknande. Dersom du har inngått ei avtale om fjernsal og uttrykkjeleg bedt om at avtala skal setjast ut i livet før angreretten løper ut, kan tenesteytaren krevje vederlag for den tida du har nytta den finansielle tenesten. Vederlaget må stå i rimeleg forhold til omfanget av den tenesten som allereie er levert samanlikna med den fulle oppfyltinga av avtalen.

Angrerett ved sal utanfor fast utsalsstad

Tenesteytaren må betale tilbake det du har betalt innan 14 dagar frå tenesteytaren har teke i mot meldinga om bruk av angreretten. Deretter må du betale tilbake/levere tilbake den ytinga du har teke i mot som ledd i avtalen innan rimeleg tid. Dersom tilbakeføringsplikta til båe partar gjeld pengar, kan tenesteytaren gjere nettooppgjer.

Konsekvenser av ikkje å nytte angreretten

Dersom du ikke nyttar deg av angreretten, vil avtalen vere bindande for begge partar slik den blei inngått. Men ver merksam på at for ei rekkje avtaler vil du likevel ha høve til å avslutte avtaleforholdet når som helst uavhengig av angrerettloven. Det er regulert i finansavtaleloven og forsikringsavtaleloven. **Forbrukarrådet** kan gi rettleiing om angrerett, tlf. 815 58 200.

Internettadresse: <http://forbrukerportalen.no>

Informasjon om fjernsal av finansielle tenester finst også på heimesida til Barne- og likestillingsdepartementet på www.odin.no